

# Høyringsfråsegn til

## *Framlegg til rettskrivingsendringar i bokmål og nynorsk 2023*

Erik Bråthen Solem

### Til punkt 3.1

De skriv:

Veksling mellom enkel og dobbel konsonant i bøyinga av ord er i utgangspunktet framand i norsk, men i importord av den aktuelle typen er det altså svært vanleg.

Detta er ikkje heilt sant. Den svensk-danske vanen med berre å skriva éin konsonant sist i ordet kom inn i norsk gjennom bokmålet, der det heitte *et tal*, men *tallet* osv. Endå dei doble konsonantane er komne inn seinare i mange av desse ordi, er det enno ord som ikkje er fylgjerette gjennom bøygingi. Det gjeld serleg namnordi som endar på -m, i gjeldande rettskriving m.a. *kam* – *kammen*, *lam* – *lammet*, *skam* – *skamma*. Andre døme å merkja seg er bokmål *kunne* – *kan* og *komme* – *kom*, båe førde inn i nynorsk seinare. Tanken um eit skifte millom éin og tvo konsonantar er soleis ikkje ny, og det er grunn til å tru av norskskrivande er godt vane med slike regelfråvik og dimed lett tek til seg bøygingar som *ein hub* – *hubben*.

Språkrådet gjer framlegg um *ein hub(b)* – *hubben* osv. Gjer det lettare – *ein hub*, *ein bag* osv. Former som *hubb* og *høbb* vert fulla berre ordlistefyll. Sjølv løyser eg ugreida ved å nytta bindestrek i bundi form på slike framandord (*ein hub* – *hub-en*) og kjem til å halda fram med det. Eg er ikkje åleine um å gjera det slik (apostrof er òg nytta, t.d. *hit'en*), so det er ei onnor løysing de kann vurderera (jf. òg *pc-ar*). Former som *bagar* bed um lang vokal og er lite brukande, då er *baggar* trass i alt betre. Til mange av desse framandordi finst norske avløysarord, so det er ingen grunn til å tvinga deim inn i norskt bøygingsmynster.

### Til punkt 3.2

Godt at me umsider fær hokynsbøyging på *fart* og *låt*, men eg merkjer meg at ordi på *-lekt* enno berre er hankyn på bokmål, trass i at *dialekta* osv. er vanlege òg i bokmålsita talemål. Det gjeld òg *reform* (*form* er derimot hokyn), *sand* («stikke hodet i sanda»), *drone* og andre. Rådet burde ved høve sjå um fleire ord på både bokmål og nynorsk kann få hokynsbøyging.

### Til punkt 3.3

Flest alle framleggi verkar vituge, men eg hev serleg merknader til tvo:

- Er *midnetter* eller *midnatter* i bruk i det heile? Burde detta ordet i staden vera einast eintalsord? Netsøk gjev ikkje nemnande med tilslag.
- Formi *hespetrær* læt ikkje rett. Motframlegg: haldt på noverande bøyging i bokmål.

### Til punkt 4.1

Framlegget er å taka inn *sjåast* i nynorsk i notid. Det råder eg *sers sterkt* mot og er heilt samd med fagseksjonen i at spursmålet burde liggja til seinare.

De skriv at «[u]ndersøkingar av bruk i nynorske tekstar viser at *sjåast* er svært vanleg i bruk som presensform» og nemner både korpus og «tekstar frå nettet». De nemner at netsøk gjev 90 % *sjåast*, medan i boktekstene hev sest 60 %. Her vil eg minna rådet um at 2012-rettskrivingi bygde på sovorne «undersøkingar» der det seinare synte seg at tilfanget hadde store lyte og femnde avgjerande mengder bokmålstekst. Ikkje all tekst er like godt grunnlag – maskinumsett tekst og tekster skrivne av folk som ikkje meistrar nynorsk burde ikkje vega like tungt som tekster skrivne av trygge nynorskbrukarar. Det beintfram imponerande arbeidet Holm og Munkvold gjorde i *Den nye rettskrivingi*<sup>1</sup> kasta ljøs på dei mange gapande hòli i grunnlaget til rettskrivingsbrigdet i 2012, men då var alt skaden gjord. Eg merkjer meg at korkje Språkrådet eller nemndi greidde å svara på utgreidingi til Holm og Munkvold. Med detta i minnet vil eg råda Språkrådet *sterkt* ifrå å googla seg fram til å gjera slike mistak endå ein gong, når grunnlaget sist vart so grundig og grannsamnt plukka frå kvarandre bit etter bit.

Stramleiksprinsippet er brukande til å stogga styggedomen *sjåast*, men det er like fullt systemumsyn eg vil leggja mest tyngd på. Det store bokmålspresset gjer at me i ustødukt mål ser at nynorsken i det heile tek upp i seg mange drag frå bokmålet, og passivformene i notid er millom desse. Endingi er gjerne *-ast*, ubunde av bøygingi elles, og slåande ofte er det infinitiven som ligg til grunn. Dimed fær me *brukast*, *sendast*, *oppbevarast*, *serverast*, *skrivast* osv. Formi *sjåast* er berre eitt ord i denne mengdi, og ved å gjera undantak for det eine ordet, opnar Språkrådet i røyndi døri for å taka inn fleire i neste venda. Svaret på at *sjåast* veks fram i skrift er ikkje å sleppa alt som er av systembrot og bokmålsformer inn i nynorsknormi, men å yrkja for betre nynorskupplæring (nynorske lærebøker med god nynorsk frå dag éin, nynorsk programvara, betre korrektur i tekster det offentlege sender ut osv.). Råder normløysa, lærer ikkje folk å skriva god og rett nynorsk, og då er det bokmålspresset som styrer kvar det ber frametter – det veit rådet godt.

De nemner talemålsprinsippet, men då vil eg minna um at heile «me *sjåast*/*sest*» er ein konstruksjon lånt frå bokmål/dansk «vi ses». Difor burde ikkje talemålsprinsippet få vega serleg tungt når me veit kva for eit systembrot denne formi vil føra med seg.

## Til punkt 5.2

På høg tid – grønt ljøs!

## Til punkt 5.2

Rådet vil taka ut visse ord på *kv-*, men serleg ordet *kvit* er dryft. De peikar sjølve til *enkelheitprinsippet* og det vil eg òg gjera. Rotet framlegget fører med seg er ikkje verdt at de kann spara eitt valfritt ord. Motframlegg: haldt på *kvit*.

Eg merkjer meg i det heile at Språkrådet i normeringsspursmål fyrr – då serleg Riise-nemndi, som arbeidde med 2012-målbrigdet – hev dytta stramleiksprinsippet framfyre seg når det gjeld å skjera burt einstaka ord, men samstundes søv godt med ovstor systematisk valfridom, der det verste dømet kann henda er dei åtte formene av verbet *ynskja*. Kjærleiken for systematisk valfridom indikerar her at rådet burde ha normera alle ord på *hv-/kv-* likt (gjerner med undantak for spyrjeordi, som kor som er ovvar seg på serskild vis i målføri våre), so slepp ein tenkja på um det er lov å skriva *kv-* eller ikkje medan ein skriv. Kor mange her i landet hev full styring på kva ord det er lov å skriva med *kv-* og kva ord ein lyt skriva med *hv-*? Eg trur talet er 0 um me ser burt frå deim tvo som hev andsvaret for bokstavane H og K i *Bokmålsordboka*. Det er nett detta de gav til grunngeving i punkt 5.1 um å gjeva dei siste verbi *-øy-* i fyrrtid i bokmål – for vanlege folk er det ingen grunn til at det ikkje er lov å skriva *skrøyt* når *skøyt* er lov.

Ein ting å tenkja på er at um *kvit* gjeng ut, vil det heita *kvitkval* på nynorsk og *hvithval* på bokmål, medan bokmål òg fær blandingsformi *hvitkval*. Skal *kvitkval* framleis vera lov endå *kvit* gjeng ut? Og vil det då vera lov å skriva *kvithval* au? Kann me hamna der at det er lov å skriva *den hviteste kvithvalen*, men ikkje *kviteste kvithvalen*? De skriv sjølve at desse ordi burde normerast likt, men eg fær kjensla av at de i røyndi ynskjer å taka ut so mange ord med *kvit-* som råd, undanteke

eitt – *kvitbjørn*. Då vert det like fullt rot – kvifor skal *kvitbjørn* hava *kv-* og *hvitrev* hava *hv-*? Nei, haldt på *kvit*, både som eige oppslagsord og i samansetjingar.

## Til punkt 5.5

Stavekontrollen til Word set ikkje raud strek under *opphopning* og NAOB fremjar ordet utan å nemna at det ikkje er normera bokmål. Eg er imot at påverknad frå nokre fåe private aktørar skal styra normeringsarbeidet, men sidan Språkrådet kann peika til bruksfrekvens og kvaliteten på bokmålsgrunnlaget nog er betre en den på nynorskgrunnlaget, hev eg ikkje meir å segja imot med på detta punktet. Eg vil rett nog hava det nemnt at t.d. Word «trugar» bokmålsbrukarane til å skriva *tror* i staden for det like so rette *trur*. Det er noko rådet burde sjå på ved høve og koma med tiltak imot.

## Referansar

- [1] Thorgeir Holm og Sergej Alexander Munkvold. "Den nye rettskrivingi". I: *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 31.2 (des. 2013), s. 165–220. URL: <https://ojs.novus.no/index.php/NLT/article/view/174>.